

Statsforvaltaren i Vestland  
Statens hus, Njøsveien 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/870-27

6. mai 2024

## Utgreiing om grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland 6. mai 2022 med oversending av tre klager på statsforvaltaren si avgjerd om ikkje å greie ut sak om grensejustering av området gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden) frå Alver kommune til Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune. Statsforvaltaren viser til si avgjerd 25. januar 2022 om ikkje å setje i gang ei utgreiing av grensejustering etter inndelingslova § 9 etter eit initiativ frå innbyggjarar og næringsdrivande i Alver kommune. Det kom inn tre klager på avgjerda, datert høvesvis 14. februar, 17. februar og 23. februar 2022. Statsforvaltaren har vurdert klagene, og opprettheld si avgjerd. Klagene er sendt Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) for endeleg avgjerd i saka, jf. inndelingslova § 9 første ledd, jf. forvaltningsloven kapittel VI.

Departementet viser til at grensejusteringar i tidlegare saker først og fremst er nytta som ein reiskap for å tilpasse kommunegrensene til eksisterande samhandlingsmønstre og bruk av kommunale tenester, og på den måten leggje til rette for ei meir føremålstenleg ramme for innbyggjarane sine daglegliv både praktisk og demokratisk. Grensejusteringar bør innebere reelle forenklingar og forbetringar i kvardagen til innbyggjarane. Innbyggjarane bør difor høyrast i denne utgreiinga. Departementet er einig med statsforvaltaren i at det er uklart om utfordringane som innbyggjarinitiativet peiker på, har sitt opphav i kommunegrensene eller andre forhold. Etter å ha vurdert dokumenta i saka meiner departementet at vi har for lite informasjon til å vurdere om ei grensejustering vil bidra til at tenestetilbodet blir meir tilgjengeleg for innbyggjarane. Departementet meiner ei utgreiing kan bidra til å klargjere kva som er føremålstenlege grenser i området.

På bakgrunn av innbyggjarinitiativet ber departementet Statsforvaltaren i Vestland om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kdd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Lise Wilhelmsen  
22 24 71 99

Masfjorden kommune, for området som utgjør gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden). I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding.

### **Om arbeidet med utgreiinga**

Utgreiinga skal gi opplysningar om relevante høve som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster, kommuneøkonomi og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunale og andre offentlege etatar skal, på statsforvaltaren si oppmoding, gi naudsynte opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Alver, Modalen og Masfjorden kommunar skal få uttale seg i saka, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Utgreiinga bør innehalde innbyggjaranes syn på ei slik grensejustering, jf. § 10 i inndelingslova. Departementet ber statsforvaltaren ha dialog med kommunane om gjennomføringa av innbyggjarhøyringa.

Statsforvaltaren må leggje til rette for at Kartverket får uttale seg før saka blir sendt til departementet.

Utgreiinga frå statsforvaltaren skal innehalde kunnskapsgrunnlaget, kommunestyra sine uttalar om saka, resultatet frå innbyggjarhøyringa, Kartverket sin uttale om saka og statsforvaltaren si tilråding. Dersom statsforvaltaren tilrår ei grensejustering, skal eit klart og eintydig forslag til nye kommunegrenser leggjast fram for departementet. Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Vestland kan dekke utgiftene til utgreiinga, jf. inndelingslova § 11.

Departementet ber statsforvaltaren orientere initiativtakarane om vidare prosess i saka.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Alver kommune, Masfjorden kommune, Modalen kommune, Vestland fylkeskommune

Masfjorden kommune

Modalen kommune

Vestland fylkeskommune

|                    |                  |      |         |
|--------------------|------------------|------|---------|
| Statsforvaltaren i | Dyrkolbotn 274 A | 5994 | VIKANES |
|--------------------|------------------|------|---------|

Vestland

|                     |                  |      |         |
|---------------------|------------------|------|---------|
| Randi Kaspara Enger | Dyrkolbotn 274 A | 5994 | VIKANES |
|---------------------|------------------|------|---------|

|                    |              |      |         |
|--------------------|--------------|------|---------|
| Statsforvaltaren i | Romarheim 86 | 5994 | VIKANES |
|--------------------|--------------|------|---------|

Vestland